Saksfremlegg frå Ungdomsrådet til Ungdomstinget 2025

Saman i framtida



<KI generert bilde frå DeepAI>

I ein tid der samfunnet blir stadig meir fargerikt og mangfaldig, er kyrkja kalla til å vera et trygt og inkluderande fellesskap der alle - uansett av alder, erfaring eller livssituasjon - kjenner seg sett, verdsett og ønskja velkommen. Å byggja ei kyrkje som verkeleg speglar Guds kjærleik tyder å vedkjenna at «kvart menneske er ei gåve», med unike ressursar og potensial som gjev verdi til heile fellesskapet. Dette krev medviten innsats: å visa openheit i liturgi, språk, leiarskap og praktiske tiltak som skapar tilhøyrsel og tryggleik.

Uansett om du deltar ein gong i månaden eller fire, er du like viktig og verdsett i fellesskapet. Me ønskjer at alle skal få tilbodet om å delta i det som vert arrangert, og det er fint om nokon har ansvaret for å ta imot nye ansikt. Alle er ønskte og elska her.

Saman i framtida - Fråsegn frå Ungdomstinget 2025

Ungdom har god tru på framtida til kyrkja. Dei håpar at kyrkja blir meir open og inkluderande, slik at ungdommar kjenner seg velkomne og kan vera seg sjølve. Mange trur og at dei sjølve kjem til å halda fram med å gå i kyrkja når dei blir eldre.

Unge ønskjer at kyrkja i framtida skal vera eit inkluderande fellesskap med plass til alle. Det er behov for fleire tilbod for ungdommar, og for at tilboda i større grad inkluderer både synlege og ikkje synlege funksjonsnedsette ungdommar. Kyrkja bør vera ein open møteplass for alle aldrar, med lågterskelstilbod der ein ikkje treng å kunna så mykje eller definera seg som kristen for å vera med.

Kyrkja skal vera ein trygg plass i ei tid med mykje endring, det handlar ikkje nødvendigvis om at kyrkja må “hengja med”, men vera ein stabil arena i samfunnet. Samtidig bør kyrkja vera synleg på sosiale media og skapa møteplassar der ungdom får delta og seia meiningane sine.

Ungdommane ønskjer ei kyrkje der dei får vera med å ta ansvar. Dei vaksne må ikkje berre la ungdom vera til stades, men og aktivt invitera dei inn i oppgåver, ansvar og avgjerder. Ungdom er forskjellige; nokre brenn for ungdomsklubb og fellesskap, medan andre ønskjer å bidra med praktiske oppgåver. Når ungdom får prøva, feila og byggja sjølvtillit skapar det tilhøyrsle og engasjement. Frivilligheit blant ungdom skapar sterk tilhøyrsle til det kristne fellesskapet. Ungdom føler seg sette og anerkjente når dei får bidra, og mange opplever meistring gjennom frivillig arbeid.

Mange opplever at fokuset på ungdom fell bort etter konfirmasjonen. Derfor ønskjer ungdommane fleire tilbod for både elevar i vidaregåande skole, og for unge vaksne. Det er og eit ønskje om fleire arrangement som varar lengre enn ein dag, til dømes helgesamlingar.

Å vera ungdomsleiar eller konfirmantleiar gir samhald, ansvar og eit nærare forhold til kyrkja og det kristne fellesskapet. Ungdomsleiarar er viktige for ungdomsarbeidet, og det er behov for fleire. Mange kan bli rekrutterte gjennom personlege invitasjonar og ved at ungdommane blir sette, får tillit og blir forklart korfor dei passer til rolla.

At kyrkja er eit ueinigheitsfellesskap er viktig for ungdommar. Det kan hindra at kyrkja blir eit ekkokammer og skapa rom for ulike perspektiv på tru og Bibelen. Ungdom ønskjer at kyrkja tek opp tema ein kan vera ueinig i, men på ein respektfull måte. Særleg i konfirmantundervisninga bør det vera rom for spørsmål, refleksjon og ulike meiningar, det styrkjer trusforsvaret til den enkelte.

Ungdom ønskjer og meir påverknadskraft i kyrkja. Kyrkja bør gjera ungdomsdemokratiet meir tilgjengeleg og invitera ungdom inn i råd, styre og avgjerder i kyrkjelyden, spesielt soknerråd. Når ungdom opplever at meininga deira blir høyrde og tekne på alvor, skapar det engasjement og eigarskap til kyrkja.